

Fra: Are Frøysland Grande
Sendt: fredag 21. januar 2022 15:01
Til: Postmottak Alver
Emne: VS: "Tuftepark" i Brekkeløypa
Vedlegg: apparat.jpg; opning av løypa 2006_12_okt.jpg

Hei,

Kan dykk registra denne som sak?

Helsing Are G

-----Opphavleg melding-----

Frå: Anders Olav Dale <anders.olav.dale@alver.kommune.no>

Send: fredag 21. januar 2022 12.43

Til: Are Frøysland Grande <are.froysland.grande@alver.kommune.no>

Emne: VS: "Tuftepark" i Brekkeløypa

Hei,

Forsøkte å ringje byggesak via innbyggjarservice og vart satt over til deg, men fekk ikkje svar. Kan de ta ei vurdering av saka i e-posten under? Knarvikmila ønskjer å setje opp utandørs treningsapparat på same stader (7 ulike stader i grusløypa i Knarvik) som dei har vore plassert før (sjå vedlegg). Etter kva eg kan sjå er dette eit friområde.

Frå reguleringsplan bestemmelser om friområdet;

4.3 Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3) 4.3.1 Friområde(GF1-4) Friområda skal oppretthaldast som hovudsakleg urørt naturområde. Tiltak for å fremje friluftsliv kan gjevast løyve til. Det kan etablerast enkle tilretteleggingstiltak for ålmenta si bruk av området, sti og universelt utforma gangveg i samråd med kommunen. Døme på enkle tilretteleggingstiltak kan vere enkel ballplass med grus, sand eller naturgras, universelt utforma badeplass, gapahuk, grillplass, leikeapparat, bord og benkar og enkle toalettbygg. Lista er ikkje uttømmende. Det er ikkje tillete med tiltak som kan redusere opplevingsverdiane eller hindre ferdsel for ålmenta. Type tiltak og plassering må avklarast med kommunen. 4.3.1.1 Brekkeløypa/ opparbeida turvegar skal oppretthaldast.

Kan dei berre gå i gang med dette, eller er dei søknadspliktig av ein eller annan grunn?

Med helsing

Anders Olav Dale | Idrettsrådgjevar

Telefon: 464 48 711

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: knarvikmila <info@knarvikmila.no>

Sendt: 20. januar 2022 16:37

Til: Anders Olav Dale <anders.olav.dale@alver.kommune.no>

Emne: "Tuftepark" i Brekkeløypa

Hei

Det har vore mykje fram og tilbake om kvar ein "Tuftepark" kan plasserast i området rundt Knarvik Stadion dei siste 5 åra.

Det kom opp eit forslag om å plassere apparat ruadt i løypa slik som det var dei 10 - 15 første åra. Dei treningsapparata som vart sett opp når løypa vart opna i 2006 , vart tatt ned når ein fekk tildelt midlar for ein "Tufepark" i 2016. Ein annan grunn til at apparata vart fjerna , er at dei var begynt å forfalle.

Vedlagt er faksimile frå opninga 12. oktober 2006.

Om ein finn ut at det å plasser ut apparat i løypa er ein god ide, er det då berre å gå i gang?

Vedlagt er ein oversikt over kva ein ynskjer å plasser ut apparat.

Plassering er merka med ein svart sirkel.

Sidan ein ynskjer å sette opp apparat der det vart apparat tidligare, er det ikkje behov for å utvide løypa på nokon måte. Litt graving og støyping for fundament må nok til, men ut over det er det lite som må gjerast.

john flatøy
knarvikmila